arma	Muskelbunten såg på arma sine endå ein gong.	G	armane
	Tyrannane arma ut folket sitt.	R	_____
	Kenneth hadde fått tatoveringar på arma sine.	G	armane
mitt	Innlegget mitt er kort, så eg er ikkje redd for å gløyme meg.		
	Skotet treffe mitt i blinken.		
	Butikkeigaren stod mitt på golvet.		
nesa	Sjåføren pirka seg i nesa og studerte fangsten nøye.		
	Den tyske turisten padla rundt nesa og inn i solnedgangen.		
	«Ikkje putt ertra i nesa ,» sa mor, «så det gjorde eg.»		
pleiar	Tanta mi er pleiar på sjukeheimen.		
	Eg pleiar å sprute meg inn med godlukt før eg går på kino.		
	«Båteigarane pleiar berre interessene sine,» hevda Jan Ås.		
regnar	Når det regnar på presten, dryp det på klokkaren.		
	Vi regnar kronprins Haakon blant dei fremste i Noreg.		
	Frå rike himmelen regnar det gaver i ditt fang.		
rekna	Eg rekna i hovudet raskare enn Jenny brukte kalkulatoren.		
	Flyktningen rekna dagane på asylmottaket.		
	Det rekna i 75 dagar utan stopp før bergensaren vart lei.		
sank	Eit skip med over 2000 russarar sank på helgelandskysten.		
	Båtane støyte i hop og sank til botnar.		
	« Sank bølingen så fort som råd!» skreik Store-Jon.		
sat	Tilskodarane sat som på nåler.		
	Tre dagar seinare sat han pengane i banken.		
	Forslaget sat sinna i kok.		
savne	«Eg kjem til å savne latteren din, småen.»		
	Du skal ikkje bruke tida på å savne det du aldri kan få.		
	Når er seier at fiskane var savne , så var dei smaklause.		

Språksjekken 7

NYNORSK

Ein skuleelev søkjer etter bestemte ord i datamappa der alle tekstane hennar ligg. For kvart søkjeord får ho opp tre treff. Stakekontrollen i Word markerer ingen feil, men eleven føler på seg at ho har brukte nokre av søkjeorda på gal måte. Kan du hjelpe henne? Skriv «R» eller «G» for å markere om ho har brukt ordet på riktig eller gal måte.

Søkjeord	Treff i elevtekstarkivet	R for riktig bruk, G for gal bruk	Kva er riktig skrivemåte?
arma	Muskelbunten såg på arma sine endå ein gong.	G	armane
	Tyrannane arma ut folket sitt.	R	_____
	Kenneth hadde fått tatoveringar på arma sine.	G	armane
si	«Ikkje fortel det til Sara, men eg har ei dame på si .»		
	« Si meg kva du tenkjer på, så skal eg fortelje kva du blir.»		
	Det har ikkje noko å si kva du har på deg.		
sida	For tre år sida tenkte eg aldri på karakterar.		
	Ho må lære seg å snu den andre sida til.		
	« Sida du tok pengar frå meg, tek eg klede frå deg!»		
skaua	Etter krigen såg alle opp til gutane på skaua .		
	Politiet jakta på nokon som gøymde seg i skaua .		
	Veterinæren sa at forhuda til hesten vert kalla for skaua .		
skule	Du skule aldri ha brote deg inn i bilen og stole den hunden.		
	Tolvåringane såg fram til å begynne på ein ny skule .		
	Snikkaren hadde for vane å skule omkring seg.		
skvetta	Kona skvetta litt da ho hørde hunden bjeffe.		
	Sjåføren køyrde så fort at det skvetta vatn på fotgjengarane.		
	Sjåføren køyrde så fort at vatnet skvetta .		
spille	Heile formuen gjekk til spille .		
	Slektningane ville spille Super-Mario til langt på natt.		
	Onkel Tom ville ikkje spille tida med snakk.		
spist	Har du spist frukost, er du godt budd for skuledagen.		
	Kjerringa kunne ikkje noko for at ho hadde eit spist andlet.		
	Læraren fekk eit spist svar da han tok opp leggjetidene.		
sto	Eva sto og grunda på kva ho skulle ta seg til.		
	Vi fotograferte ei sto , ein kvileplass for krøter.		
	Hunden følgde han kvar han gjekk og sto .		

Språksjekken 8

NYNORSK

Ein skuleelev søkjer etter bestemte ord i datamappa der alle tekstane hennar ligg. For kvart søkjeord får ho opp tre treff. Stavekontrollen i Word markerer ingen feil, men eleven føler på seg at ho har brukte nokre av søkjeorda på gal måte. Kan du hjelpe henne? Skriv «R» eller «G» for å markere om ho har brukt ordet på riktig eller gal måte.

Søkjeord	Treff i elevtekstarkivet	R for riktig bruk, G for gal bruk	Kva er riktig skrivemåte?
arma	Muskelbunten såg på arma sine endå ein gong.	G	armane
	Tyrannane arma ut folket sitt.	R	_____
	Kenneth hadde fått tatoveringar på arma sine.	G	armane
så	Eg har mista mykje, men så fekk eg noko att!		
	Eg hadde bestemt meg for å så gulrot i skulegarden.		
	Det var mørkt. Eg så ikkje handa framfor meg.		
tel	Kva meiner dei med at rektor « tel på knappane»?		
	Storebror hadde skaffa seg nok pengar tel å kjøpe bil.		
	Eg har det gøy. Eg tel bilane på riksvegen.		
trette	Pensjonistane vart trette av å høyre på Dagsrevyen.		
	Naboane hadde ei trette gåande om nokre furutre.		
	Elevane påstod dei var trette av tv-fotball.		
tro	Museumsstyraren tok fram ei tro , eit avlangt kar.		
	Det er mi faste tro at det finst eit liv etter døden.		
	Du skal vite, ikkje tro .		
tross	Femåringen nekta å ta seg støvlane, berre på tross .		
	Tross mange vanskar heldt dei ruta.		
	Kva er tross , om ikkje materiell, ammunisjon og drivstoff?		
turte	Ho turte korkje å svare ja eller nei på spørsmålet hans.		
	Eg pukka turte , ei korgblomstra plante med blå blomstrar.		
	Turte og Tvilling var blånissar.		
vart	Korleis vart du sjukepleiar, bestemor?		
	Kva vart det som stod på?		
	Kvar vart det av alle pengane mine?		
veske	Spionen la dokumenta i ei lita veske og sneik seg ut døra.		
	Ho putta pennen i ei veske som ho hadde under armen.		
	Elevane fekk i seg litt veske etter den lange marsjen.		

Språksjekken 9

Ein skuleelev søkjer etter bestemte ord i datamappa der alle tekstane hennar ligg. For kvart søkjeord får ho opp tre treff. Stavekontrollen i Word markerer ingen feil, men eleven føler på seg at nokre av søkjeorda er brukt på gal måte. Kan du hjelpe henne? Skriv «R» eller «G» for å markere om setningane er riktige eller gale.

Søkjeord	Treff i elevtekstarkivet	R for riktig bruk, G for gal bruk	Kva er riktig skrivemåte?
arma	Muskelbunten såg på arma sine endå ein gong.	G	armane
	Tyrannane arma ut folket sitt.	R	_____
	Kenneth hadde fått tatoveringar på arma sine.	G	armane
virka	Det virka ikkje som ho skjønte dette med blomstrar og bier.		
	Verdsøkonomien virka inn på den nasjonale økonomien.		
	Han fortalde om virka sine som lærar og journalist.		
viste	«Vi viste verda vintervegen!» jubla lillehamringane.		
	Ei av jentene i klassen viste meg korleis det skal gjerast.		
	Viste president Bush at CIA torturerte fangane sine?		
vokse	Jenta har vokse ti centimeter på eitt år.		
	Tobias fekk ein tusenlapp for å vokse skia mine.		
	Borna mine skal vokse opp i ein god heim.		
vær	Vær einaste ku var ute på jordet for å sjå på kunstverket.		
	Vær glad for at du er i live!		
	Ein vær hadde hoppa opp i lufta og hengt seg fast i ei grein.		
vårast	Det vårast først på solsida av dalen.		
	Bilane vårast skal vi køyre til Polen.		
	Jennifer tok med skorne vårast til loppemarknaden.		
øst	Bestevenen spurde i øst og fekk svar i vest.		
	Hurpene hadde øst seg skikkeleg opp før møtet.		
	Kjærasten min ville flytte langt øst i landet, heilt til Vardø.		
øyane	Eg såg at ho hadde tårer i øyane da ho vraka meg.		
	Det var fint å segle mellom øyane .		
	Endeleg fekk den nye guten øyane opp for henne.		
årane	Dei siste årane hadde livet vore eit helvete.		
	Men kva om blod årane var for tronge?		
	Erik Mykland drog inn årane . Han ville slutte med fotball.		

UTDRAG FRA ET LESERINNLEGG:

(...) har vi fått høre at skolen vil innføre en rekke nye regler fra årsskiftet.

❶ Forslaget om å stenge gymsalene i storefriminuttet kan fort vise seg å være uheldig. ❷ Hvorfor er det ikke lenger en god idé å la skolens hormonfylte tenåringer å løpe av seg litt energi midt på dagen? ❸ Vil skolens ledelse at elevene heller skal løpe til nærmeste butikk og fylle lommene med snop? ❹ Er det ikke egentlig synd at skolen stenger det eneste tilbudet som fører sammen elevene fra de ulike trinnene? ❺ Dessverre er ikke forslaget om å stenge gymsalene det eneste som virker like gjennomtenkt.

Like ille er det at rektor foreslår å kutte ut (...)

AVSNITTETS BYGGEKLOSSER

1

STARTSETNINGER

Den første setningen i et avsnitt kalles for en **startsetning**. En slik startsetning fungerer som en innledning til et avsnitt og forteller leseren hva avsnittet skal handle om.

Hvis vi bare har tid til å skimle et leserinnlegg, kan det være lurt å lese startsetningen i hvert avsnitt. Da får vi en oversikt over hvordan innlegget er bygd opp.

Startsetningen i et avsnitt henger ofte sammen med sluttsetningen i avsnittet over. Se på utdraget. Hvordan er denne sammenhengen her?

2 3 4

STØTTESETNINGER

De setningene som følger etter startsetningen, kaller vi ofte for **støttesetninger**. Siden startsetningen ofte presenterer en tanke på en kortfattet og poengtert måte, trenger vi støttesetningene for å utdype, nyansere og forklare innholdet i startsetningen.

Det finnes ikke noen faste regler for hvor mange støttesetninger et avsnitt bør inneholde, men for å øve seg kan ungdomsskoleelever gjerne prøve å lage tre støttesetninger i hvert avsnitt.

5

SLUTTSETNINGER

Den siste setningen i et avsnitt kalles for en **sluttsetning**. Sluttsetningen avrunder en tankerekke og fungerer som en avslutning på avsnittet.

Sluttsetningen kan inneholde en konklusjon på det undertemaet som avsnittet tar opp.

Gode forfattere klarer ofte å lage sluttsetninger som naturlig følger etter startsetningen og støttesetningene, samtidig som sluttsetningen peker framover mot neste avsnitt.

Se på tekstutdraget øverst. Hvilke ord i sluttsetningen synes du peker framover mot neste avsnitt?

Et avsnitt er som en hamburger:
Maten som gir smak, er plassert i midten.
To brød holder det hele sammen.

OPPGAVE:
Skriv et avsnitt om hamburgere,
én setning i hver figur.

AVSNITTETS

BYGGEKLOSSER

STARTSETNING

FØRSTE STØTTESETNING

ANDRE STØTTESETNING

TREDJE STØTTESETNING

SLUTTSETNING

Den gode starten

Korleis kan du gje lesaren lyst til å lese teksten din? Dei første linjene er utan tvil dei aller viktigaste, også når du skriv artiklar og lesarinnlegg. Klarer du å gjere lesaren nysgjerrig, er du på rett veg.

Hugs på at det ikkje finst noko fasistsvar som fortel korleis du skal skrive innleiinga di. Her syner vi deg ti ulike måtar å starte eit lesarinnlegg på. Alle døma handlar om kriminalitet:



1) Ver aktuell

Start med noko som nyleg har skjedd. Dersom du ikkje hugsar nokre nyheiter frå fjernsynet eller frå avisene, kan du kanskje nemne noko som du sjølv har opplevd.

Døme:

Dei nyaste tala frå Statistisk Sentralbyrå syner at norske tenåringer aldri har vore så lite kriminelle som no. Justisministeren trur den viktigaste årsaka er betre etterforsking. Sjølv held eg ein knapp på at vi ungdommar har betre haldningar enn tidlegare ungdomskull, og dette synspunktet skal eg no grunngje.

2) Fortel om ei anna tid

Kanskje kan du vekkje interessa til lesaren ved å bruke kunnskapar frå historietimane? I ein del tekstar kan det vere verdifullt å samanlikne fortida med notida. Klarer du å vende tilbake til det historiske perspektivet i avslutninga, får lesaren inntrykk av at du har planlagt teksten din godt!

Døme:

Da Olav Tryggvason var konge i Noreg, fann han sjølv ut korleis han skulle straffe lovbrutarane i landet. Ganske oppfinnsam var han da han lét Øyvind Kjelda og folka hans binde ute på eit skjer som sjøen gjekk over når det var flod. Lovbrutarane drukna, og dei siste timane deira var fulle av frykt.

Dei som bryt norske lover i dag, treng ikkje å frykte ...

3) Fortel om ein annan stad

Har du gode kunnskapar om andre kommunar eller om andre land, kan du trekkje fram nokre av desse kunnskapane i innleiinga di. Seinare i teksten kan du skrive om situasjonen slik han er på heimstaden din.

Døme:

Sør-Afrikas president Jacob Zuma (67) har to koner, ei jamaldrande og ei som er halvparten så gamal. På det meste hadde Zuma fire koner, og til saman skal han ha 19 born. Ulikt kva mange trur, er fleirkoneri framleis lovleg i Sør-Afrika. Spørsmålet mitt er om vi bør gjere fleirkoneri lovleg også i Noreg.

4) Fortel om deg sjølv eller om noko du har opplevd

Trekk gjerne fram noko som du sjølv har opplevd i innleiinga. Det er ei ærleg sak å fortelje om erfaringar som har påverka synspunkta dine. Eit lite råd: Er du personleg i innleiinga til ein tekst, er det ein god regel å vere personleg også seinare i teksten.

Døme:

Da eg var elleve år gamal, opna eg ei e-postmelding til far min. Brevtittelen var så fantastisk at eg ikkje kunne la det vere. Ein engelsk advokat hadde i tre år leita etter arvingar til ein milliardformue, og no hadde advokaten endeleg funne ut at far min var den einaste med arverett. Alt advokaten trengte, var eit kontonummer, så eg lånte lommeboka til far min og mata inn alle opplysningane eg kunne. Ei veke seinare var kontoen hans tømt ...

5) Beskriv ein situasjon som lesaren kan kjenne seg att i

Kast lesaren inn i ein situasjon som han eller ho kan kjenne seg att i (*in medias res*). Sjølv om du skriv ein artikkel eller eit lesarinnlegg, kan du både skildre og fortelje i innleiinga di.

Døme:

Musikken er så høg at passasjerane i baksetet held seg for øyra. Bilføraren nektar å skru ned lyden, for han vil halde seg vaken. Fartsmålarer nærmar seg 200 km/h. Noko anna som nærmar seg, er fjellveggen på høgreside.

6) Vend deg direkte til lesaren

For å få lesaren på kroken kan du vende deg direkte til han eller henne. Bruk pronomenet «du» når du skriv.

Døme:

Tenk deg at alle dei store dagsavisene trykkjer bilete av huset ditt med overskrifter som «Skammens hus», «Rottereiret» og «Her bur dei». I bildeteksten kan du lese at du er «mistenkt for barnepornografi». Er det greitt at avisene får skrive slikt, sjølv om du er uskuldig?

7) Still spørsmål

Ønskjer du at lesaren skal undre seg over noko, er det ei god løysing å stille spørsmål i innleiinga. Hugs på at lesaren forventar eit svar på dei spørsmåla som du stiller ...

Døme:

Politiet skal stanse ulovleg fildeling, skriv Bergens Tidende på førstesida si. Men kva skal politiet eigentleg gjere? Skal dei undersøkje all trafikken på internett? Skal dei beslaglegge PC-ar og undersøkje kva dei inneheld? Skal dei leggje til sides all anna etterforskning?

8) Provoser

Spissformuleringar og sterke påstandar i innleiinga er godt eigna til å fange merksemda til lesaren. Seinare i teksten kan du utdjupe påstandane og leggje fram bevis.

Døme:

Terroristar i Asia og Latin-Amerika skaffar seg pengar til våpen ved å selje narkotika. Norske narkotikabrukarar er altså indirekte skuldige i terrorisme og dei bør straffast deretter. Inga straff er for streng.

9) Bruk eit sitat

Startar du teksten med eit sitat, viser du at du ikkje er den einaste som er opptatt av det temaet som du skriv om. Det er eit krav at sitatet er godt, og det bør vere ein klar samanheng mellom sitatet og resten av teksten.

Døme:

«Lova er ei som ein telefonstolpe. Du kan ikkje hoppe over, men du kan gå rundt.» Dette russiske ordtaket ser ut til å ha festa seg som ein leveregel blant norske advokatar. I staden for å følge opp dei tankane som ligg innbakt i lovverket, verkar det som om advokatane gjer alt dei kan for å finne smothol. Eit nytt døme er saka om eksamensjuks ved Gråkammen vidaregåande skule.

10) Trekk fram motsetningar

Gode motsetningar gjer det lett for lesaren å forstå teksten din. Teiknar du opp eit bilete av ein konflikt der to partar står steilt mot kvarandre, kan du sjølv framstå som den kloke ved å foreslå eit kompromiss.

Døme:

Grovt forenkla er debatten slik. Den eine sida ønskjer å stengje grensene til Noreg for å hindre at kriminelle aust-europearar reiser på «forbrytarferie» til Noreg. Den andre sida ønskjer å sende meir pengar til Aust-Europa for at innbyggjarane der skal få mindre lyst til å reise til Noreg. Kanskje finst det ei tredje løysing?

OPPGÅVER – OPPGÅVER – OPPGÅVER – OPPGÅVER – OPPGÅVER

- 1) Skriv vidare på eit av lesarbrev. Pass på at avslutninga heng saman med innleiinga!
- 2) Skriv minst fem innleiingar til lesarbrev om skuleprøver. Kvar innleiing bør innehalde fem setningar.
- 3) Skriv minst fem innleiingar til lesarbrev om miljøvern. Kvar innleiing bør innehalde mellom 40 og 60 ord.



SKRIVERÅD

Elleve råd om hvordan du kan gjøre det godt på heldagsprøver (sakprosa)

1. Svar på den oppgaven som du har fått, ikke på en oppgave som du skulle ønske at du hadde fått. Pass på at du avgrenser oppgaven på en akseptabel måte.
2. Sett strek under de viktigste ordene i oppgaveteksten, sånn at det blir lettere for deg å fokusere på det oppgaven spør etter.
3. Lag en disposisjon hvis du har tenkt å skrive en artikkel med mange faktaopplysninger. Unngå gjentakelser og rotete rekkefølge på momentene.
4. Unngå tomme ord og løssnakk i innledningen. Vær konkret helt fra starten av.
5. Lag tydelige koblinger mellom avsnittene, slik at leseren forstår hvordan teksten henger sammen.
6. **Sørg for at hvert enkelt avsnitt henger sammen.**
Start gjerne med en setning som inneholder hovedpoenget i avsnittet. Utdyp dette poenget, gjerne med en presisering eller et eksempel. Lag en avslutning til avsnittet, for eksempel med en foreløpig konklusjon eller med et spørsmål som peker framover mot neste avsnitt.
7. Bind setninger og avsnitt sammen ved å bruke ord og uttrykk som forklarer hvordan setningene og avsnittene hører sammen (eksempler: «derfor», «likevel», «på den andre siden», «alt i alt»).
8. Avslutt artikkelen med et avsnitt som binder hele teksten sammen. Husk på at det siste avsnittet gjerne kan inneholde elementer fra tittelen eller fra innledningen.
9. Når du omtaler en tekst, bør du vise til bestemte steder i denne teksten for å underbygge synspunktene dine. Bruk gjerne sitater.
10. Lag fullverdige setninger når du skriver artikler, men sørg for variasjon i setningslengder og setningstyper.
11. Finn ut hvordan læreren din ønsker at du skal føre opp kilder. Følg lærerens beskrivelse til punkt og prikke.



SKRIVERÅD

Elleve råd om korleis du kan gjere det godt på heildagsprøver (sakprosa)

1. Svar på den oppgåva som du har fått, ikkje på ei oppgåve som du skulle ønskje at du hadde fått. Pass på at du avgrensar oppgåva på ein akseptabel måte.
2. Sett strek under dei viktigaste orda i oppgåveteksten, slik at det blir lettare for deg å fokusere på det oppgåva spør etter.
3. Lag ein disposisjon viss du har tenkt å skrive ein artikkel med mange fakta-opplysningar. Unngå gjentakingar og rotete rekkjefølgje på momenta dine.
4. Unngå tomme ord og lausprat i innleiinga. Ver konkret heilt frå starten av.
5. Lag tydelege koplingar mellom avsnitta, slik at lesaren forstår korleis teksten heng saman.
6. **Sørg for at kvart enkelt avsnitt heng saman.**
Start gjerne med ei setning som inneheld hovudpoenget i avsnittet. Utdjup dette poenget, gjerne med ei presisering eller eit døme. Lag ei avslutning til avsnittet, til dømes med ein førebels konklusjon eller med eit spørsmål som peikar framover mot neste avsnitt.
7. **Bind setningar og avsnitt saman ved å bruke ord og uttrykk som forklarar korleis setningane og avsnitta høyrer saman (døme: «derfor», «likevel», «på den andre sida», «alt i alt»).**
8. **Avslutt artikkelen med eit avsnitt som bind heile teksten saman. Hugs på at det siste avsnittet gjerne kan innehalde element frå tittelen eller frå innleiinga.**
9. Når du omtalar ein tekst, bør du vise til bestemte stader i denne teksten for å underbyggje synspunkta dine. Bruk gjerne sitat.
10. **Lag fullverdige setningar når du skriv artiklar, men sørg for variasjon i setningslengder og setningstypar.**
11. **Finn ut korleis læraren din ønskjer at du skal føre opp kjelder. Følg råda frå læraren din til punkt og prikke.**

Mange råd om nynorskopplæringa

Landslaget for norskundervisning (LNU) står bak ei idébok for lærarstudentar og lærarar om korleis nynorskundervisninga kan bli meir fengjande. Sørg for meir moro og mindre mas, råd forfattarane.

Førsteamanuensis Norunn Askeland og lærebokforfattar Cecilie Falck-Ytter har skrive «Nynorsk på nytt», ei bok som særleg er retta inn mot dei som underviser i nynorsk som sidemål. Mest sannsynleg er det dei lærarane som har lite erfaring med å undervise i nynorsk, som vil ha størst glede av den 185 sider lange boka.

Viktig å starte tidleg med nynorsk

Den første delen av boka tek for seg nynorsk som skulefag, og forfattarane gjer greie for noko av den forskinga som er gjort på nynorskdidaktikk dei siste åra.


Eit tydeleg råd er å byrje med nynorskopplæringa så tidleg som mogleg. Det er viktig å skape «språkvennlege» miljø både i barnehage og skule: Språkleg mangfald er ein ressurs meir enn eit problem. Forfattarane syner mellom anna til dei liberale og positive haldningane som EU viser til fleirspråklegheit.

Når det gjeld ungdomsskulen, legg forfattarane mykje vekt på motivasjon. Lærarane får råd om å vente til niandeklasse med å strø om seg med karakterar. I åttandeklasse bør lærarane satse på at elevane framleis har mykje lærelyst. Svake karakterar til jul i åttandeklasse kan skape fleire negative haldningar enn det som godt er.

Råd om oppstart

Størstedelen av «Nynorsk på nytt» er praktisk retta, men ikkje berre mot den klassiske undervisningssituasjonen. Lesarane får til dømes tips om korleis ein kan prøve å spele på lag med foreldregruppa på det første foreldremøtet. Kanskje kan det vere ein idé å liste opp nynorskargument for foreldra – utan å opne for ein diskusjon? Kanskje kan lærarane oppmode foreldra om ikkje å snakke skit om nynorsken heime?

«Nynorsk på nytt» inneheld eigne kapitlar om å lese og skrive på nynorsk. Moderne leseforskning legg vekt på at læraren bør ha ei tydeleg



rolle i klasserommet, og slike råd finn vi att i boka til Askeland og Falck-Ytter. Høgtlesinga kan gjerne læraren sjølv stå for, slik at elevane får inn riktig uttale av nynorskorda. Særleg for dei litt svake elevane kan det vere godt å vere i lytte-rolle. Er teksten fengjande nok, hender det ofte at elevane gløymer om dei høyrer bokmålstekstar eller nynorsktekstar.

Nytt og gammalt

I ei lita bokmelding vil det føre for langt å gi smakebitar frå alle kapitla. Men boka er breispektra. Eitt kapittel handlar om dei ressursane som etter kvart finst på nettet. Eit anna kapittel tar for seg metodar som mange meiner er gått ut på dato, sjølv om metodane har vist seg slitesterke over lang tid. Kanskje kan det enno vere meningsfullt med avskrift, omsetjing, diktatar og attforteljingar? Forfattarane er inne på tanken ...

Alt i alt verkar «Nynorsk på nytt» å vere ei god bruksbok for ferske lærarar. Språket er lett tilgjengeleg, og mykje vesentleg stoff om nynorsk er her samla på ein plass.

Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter:

«Nynorsk på nytt» (187 sider)

Fagbokforlaget 2009

Pris: 278,- kroner

Slik lager du en kildeliste

Når du leverer større skriftlige arbeider på skolen, vil lærerne dine ofte kreve at du lager en liste over de kildene som du har brukt i arbeidet. Denne listen plasserer du aller bakerst i innleveringen din.

Kildelisten skal være sortert i alfabetisk rekkefølge. Listen skal være så oversiktlig som mulig.

Hvis du har brukt ulike typer kilder i arbeidet med artikkelen din, for eksempel både aviser, bøker og internett, er det greit å dele kildelisten opp i mindre biter. Lag undertitler for hver kildetype:

Kildeliste

Aviser

- Opsahl, Nina Kalvatn: – *Time trenger nynorskopplæring*. I: *Jærbladet* 15.06.2009, s. 9.
- Wigestrang, Heidi Hjorteland: *Ein eksklusiv bukett*. I: *Stavanger Aftenblad Pluss* 12.06.2009, s. 10–17.

Bøker

- Grepstad, Ottar: *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo, Det Norske Samlaget, 2006. 318 s.
- Shjerven, Petter (m.fl.): *Typisk norsk*. Lysaker, Dinamo Forlag, 2005. 319 s.
- Skjong, Synnøve og Vederhus, Inger: *Synleg og meir nynorsk = betre nynorsk*. 13 s. I: Nergård, Mette Elisabeth og Tonne, Ingebjørg (red.): *Språkdidaktikk for norsklærere. Mangfold og tekster i undervisningen*. Oslo, Universitetsforlaget, 2008. 176 s.

Internett

- Weberg, Bent: *Nynorsk golfordliste*. I: *aftenposten.no* 02-07.2005
<<http://www.aftenposten.no/nyheter/sport/golf/article1073027.ece>> [Lastet ned 20.07.2009]
- *Valfridomen i nynorsk*. <http://www.sprakrad.no/Tema/Sprakbruk-i-staten/Administrativ_nynorsk/Om_valfridomen_i_nynorsk/> [Lastet ned 20.07.2009]

OPPGAVER

- 1) Se på kildelisten ovenfor. Skriv ned minst fem spørsmål om listens form og innhold.
- 2) Skriv ned minst sju regler som forteller hvordan en kildeliste skal skrives.
- 3) Lag en kildeliste som inneholder alle skolebøkene dine.

Hva er vitsen med kildelister?


- Kildelister handler om **respekt** og **ærlighet**. Ved å oppgi kildene dine, viser du respekt for dem som først fant fram de opplysningene som du har brukt. Husk på at det ikke er flaut å bruke kilder! Det er faktisk bedre å hente faktaopplysninger fra en troverdig kilde enn å finne på faktaopplysningene selv ...
- Kildelister handler om **åpenhet**. Hvis leserne dine har lyst til å lære mer om temaet som du har skrevet om, kan de bruke kildelisten for å finne fram til aktuelle tekster. Leserene dine kan også bruke kildelisten for å undersøke om du har brukt kildene dine på en god måte.
- Kildelister handler om **omdømme**. En lang kildeliste er et signal til leseren om at du har gjort et godt forarbeid. Hvis leseren forstår at du har benyttet deg av relevante og troverdige kilder, vil leseren sannsynligvis få større tiltro til innholdet i artikkelen.

Tre former for litteraturlister

En **kildeliste** er en liste over de kildene som det er vist til i teksten. Slike lister kalles også for referanselister.

En **bibliografi** viser til tekster som forfatteren har hatt nytte av under skrivingen. Bibliografier kalles også for støtte-litteratur.

Hvis forfatteren vil anbefale spesielle bøker eller artikler for leseren, kan forfatteren lage et **forslag til videre lesing**.



MUNTLIGE FERDIGHETER

Fire former for muntlig aktivitet

I dette nummeret av Norsknytt bringer vi konkrete tips og råd om hvordan norsklærere kan arbeide med den muntlige delen av norskfaget.

PISA-undersøkelsene viser at norske elever skårer spesielt dårlig i bruken av læringsstrategier. Elevene oppgir at de bare anvender et lite utvalg læringsstrategier, og elevene oppgir videre at de i liten grad veksler mellom ulike læringsstrategier avhengig av hvilken oppgave de er satt til å løse.

Arbeidet med læringsstrategier knyttes ofte til lese- og skriveferdighetene, men bør stå sentralt også når det gjelder de muntlige ferdighetene. Hvilke strategier som er fruktbare, vil variere med den arbeidsformen som er valgt:

1. Parsamtaler gir elevene en mulighet til å «tenke høyt» sammen med en annen. Parsamtaler kan den ene gangen vare i ett minutt og neste gang i fem minutter. Hensikten vil ofte være at elevene får fram før-kunnskaper og venner seg til å bruke noe som likner på et fagspråk når de snakker med andre elever. Det vil være lurt av læreren å gå rundt i klasserommet for å lytte til samtaler, for på den måten øker sjansen for at elevene holder seg til saken. Dessuten kan inntrykkene brukes som en del av vurderingsgrunnlaget når læreren skal beskrive elevens nivå og peke på mulige vekstpunkter. For mange elever er «parsamtalen» ufarlig i den forstand at de slipper å snakke med hele klassen som tilhørere.


2. Smågruppediskusjoner og gruppearbeid gir elevene enda flere muligheter til å utvikle sine muntlige ferdigheter. Klare instruksjoner og klare forventninger er viktig for å unngå at elevene sporer av. På de neste sidene er beskrevet flere undervisningsopplegg som kan tvinge eller oppmuntre elevene til å arbeide seriøst.

3. Klasseromsdiskusjoner er viktige blant annet fordi elevene skal få trening i å uttrykke seg for et publikum av en viss størrelse. Dessuten vil klasseromsdiskusjoner være en felles opplevelse for elevene i klassen. I beste fall kan slike diskusjoner være med på å styrke et allerede godt klassemiljø.

Det kan nesten ikke understrekes godt nok at alle klassens lærere må være med på å skape et godt diskusjonsmiljø blant elevene: Lærerne må lære elevene å lytte til hverandre, å respektere hverandre og å våge å si fram sine egne meninger.

4. Elevpresentasjoner utgjør tradisjonelt en viktig del av vurderingsgrunnlaget for den muntlige karakteren i norskfaget. Mange elever ser fram til elevpresentasjonene med skrekk og gru: De er nervøse og egentlig ganske usikre på hva som er forskjellen på en god og en dårlig presentasjon.

Læreren kan gjøre elevene en stor tjeneste ved å holde en presentasjon selv – med innlagte feil og mangler. Etterpå kan elevene få i oppgave å skrive ned punkter til forbedring, og læreren kan holde en ny presentasjon der han eller hun prøver å ta hensyn til innspillene. Til slutt kan elevene holde presentasjoner for hverandre i par og øve seg på å gi og motta kritikk.



MUNTLIGE FERDIGHETER

Tips om samtaler i par

Når elevene får samtale i par, får alle elevene både lytte- og taltrening. I gode parsamtaler vil elevene lytte til hverandre, vente på tur, vurdere hverandres innspill, stille oppklarende spørsmål og gjenta med sine egne ord hva makkeren sier for å sjekke sin egen forståelse.

Ofte kan det være lurt å la elevene summe litt seg imellom etter at de har lest en tekst eller fått et grublespørsmål. Elever som klarer å sette ord på noe for makkeren sin, får kanskje selvtillit nok til å ville gjenta formuleringene sine for klassen. Elever som ikke får en slik sjanse til å teste ut tankene sine på en medelev, vil oftere velge å tie i en klassesamtale – selv om han eller hun faktisk kunne ha tilført klassesamtalen noe verdifullt.

Læreren kan gjerne be hvert par notere ned stikkord når de summer i par. En fordel med slike notater er at elevene vanskeligere kan vri seg unna hvis læreren spør hva paret har tenkt.

Hva slags spørsmål egner seg best for summing? Spørsmålene bør ikke ha fasitsvar, men tvert imot åpne for refleksjon og diskusjon.

Dueller: For og imot på samme par

Språk, film og litteratur rommer stridsspørsmål som også elever kan forholde seg til. «Gir filmen om Max Manus et riktig bilde av krigen?» «Er det greit at elever framstiller vennene sine på en usympatisk måte når de skriver fortellinger i norsktimene?» Slike spørsmål kan avstedkomme både ja- og nei-svar, og nettopp slike spørsmål egner seg for «dueller» mellom to elever.

Duell-metoden er slik: Del elevene inn i par. La elev A forsvare et ja-standpunkt i ett minutt. Elev B lytter oppmerksomt og gjenforteller deretter partnerens argumenter med egne ord. Deretter byttes rollene, slik at elev B argumenterer for et nei-standpunkt i ett minutt, mens elev A lytter og gjenforteller.

La deretter elevene skrive et kort leserbrev ut fra partnerens argumenter. Elevene skal til slutt lese innlegget for partneren, som eventuelt påpeker innholdsmessige feil og mangler, eventuelt også rettskrivningsfeil og dårlig språk.

Repetisjon i par

Hvis skoletimene henger sammen i et nøye planlagt undervisningsløp, er det sjelden dumt å repetere stoff fra forrige fagtime.


En «repetisjonsrunde» kan gå ut på at elevene blir inndelt i par. De to makkerne på hvert par får hvert sitt spørsmål – og fem minutter til å forberede et svar på spørsmålet. De to spørsmålene kan for eksempel være slik: «Hva er et kunsteventyr?» og «Hva er et folkeeventyr?». I de fem minuttene kan elevene for eksempel få lov til å bruke notatene sine fra forrige skoletime, og kanskje bør elevene få bruke lærebøkene også.

Når de fem minuttene er gått, skal den ene eleven forklare sitt svar for den andre eleven. Etterpå snus rollene, slik at begge får øvd seg på å forklare. Hvis eleven som lytter, ikke er tilfreds med svaret, bør elevene diskutere seg fram til hva som er et godt svar.

Den siste etappen i repetisjonsrunden innebærer at læreren roper fram et par som skal svare på spørsmålene foran hele klassen. Elevene må være kjent med denne siste etappen i forkant, for da vil elevene underveis være bedre motivert for å diskutere hverandres svar. Når paret presenterer svarene sine for klassen, kan de to makkerne hjelpe hverandre litt, men elevene skal i utgangspunktet svare på hvert sitt spørsmål.

Gjennomgående er det lurt om makkerne i et par ikke står altfor langt fra hverandre når det gjelder faglig nivå. Hvis klassen består av elever med forskjellige morsmål, kan det være lurt om elevene med samme morsmål får arbeide i par.

Repetisjon i par kan med fordel benyttes i flere fag, slik at elevene blir godt kjent med metoden.



MUNTLIGE FERDIGHETER

Rollekort i gruppediskusjoner

Med diskusjoner i smågrupper mister læreren litt oversikt over hvem som sier hva, men gevinsten er at langt flere elever deltar muntlig enn i klassediskusjoner. Rollekort kan hjelpe elevene til å lære god møtekultur.

Når elever settes sammen for å diskutere et tema, kan hver elev få en rolle – i tillegg til rollen som vanlig gruppe-medlem. Hensikten med slike roller er å sikre at flest mulig elever deltar aktivt i gruppediskusjonene.

Et eksempel med fem rollekort

På motsatt side ser du fem rollekort som kan brukes i grupper med fem deltakere. Hvis gruppene er mindre, kan roller slås sammen.

De fem rollene som er beskrevet, er alle positive roller. Hvis elevene etter hvert får rollene under huden, vil resultatet ofte bli bedre gruppediskusjoner. For eksempel skal referenten passe på at han eller hun virkelig forstå det som de andre gruppe-medlemmene prøver å formidle – og eventuelt stille oppklarende spørsmål hvis noe er uklart. Det som referenten skriver, blir ikke mat for papirkurven: Referatet leveres videre til gruppens talsmann, som formidler videre til resten av klassen hva gruppen har kommet fram til.

Rollekort er nyttige for å strukturere de diskusjonene som foregår i smågrupper, for uten en noenlunde fast struktur kan slike samtaler lett flyte ut. Legg merke til at rollekortene ikke bare bygger på elevenes taleferdigheter, men også på deres lytteferdigheter og deres sosiale ferdigheter:

- ✓ **Diskusjonslederen** definerer oppgaven, holder gruppen på rett spor og foreslår nye utveier hvis diskusjonen låser seg.
- ✓ **Sekretæren** tar hånd om eventuelle avis-artikler eller andre tekster som elevene har fått for å skaffe seg bakgrunnskunnskaper. For å skape en livlig diskusjon i etterkant,

kan læreren sørge for at gruppene får ulike bakgrunnskunnskaper ved å dele ut ulike avisartikler til gruppene. Sekretæren passer også på tiden og sørger for at det blir ryddet opp.

- ✓ **Referenten** skriver ned argumenter som gruppen kommer fram til og oppklarer utsagn som er uklare.
- ✓ **Talsmannen** formidler videre til resten av klassen hva gruppen som helhet har kommet fram til.
- ✓ **Støttespilleren** sørger for at alle gruppe-medlemmene får positiv tilbakemelding på noe av det de sier. Støttespilleren sørger for å trekke inn alle gruppe-medlemmene i diskusjonen, selv om noen liker å være tause eller av andre grunner er passive. Støttespilleren skal også påtale eventuell negativ oppførsel.

Når elevene sitter i gruppene sine og diskuterer, kan læreren sirkulere i rommet og følge med på om elevene klarer å fylle rollene sine. Læreren må gjerne gi konstruktive kommentarer til de ulike gruppene, for nettopp slike kommentarer kan elevene lære mye av.

Forandring fra gang til gang


Gjennom skoleåret er det lurt å variere sammen-setningen av smågrupper, for elevene bør få bryne seg på elever med ulik væremåte, ulik bakgrunn og ulike holdninger. Hvis også rollene forandrer seg fra diskusjon til diskusjon, får elevene øvd opp ulike ferdigheter. Men selv om variasjon er viktig, bør en huske på at elever som strever, kan ha særlig behov.



Diskusjonsleder

Typiske kommentarer fra diskusjonslederen

- Har alle forstått hva oppgaven går ut på?
- Hvordan tenker du om dette?
- Ooops! Nå snakker vi oss bort. Vi får holde oss til saken!
- Kan vi bli enige om et kompromiss?



Sekretær

Typiske kommentarer fra sekretæren


- Her er bakgrunnsstoffet vårt. Du tar den, og du den.
- Nå har vi bare fem minutter igjen!
- Nå som vi er ferdige, vil jeg gjerne ha tilbake alle arkene.



Referent

Typiske kommentarer fra referenten

- Kan du si det en gang til sånn at jeg får skrevet det ned?
- Nå skjønner jeg ikke helt hva du mener ... Forklar på nytt!
- La meg lese høyt det vi har foreløpig.



Talsmann

Typiske kommentarer fra talsmannen


- La oss få høre hva referenten har skrevet ned så langt.
- Vil noen tilføye noe før jeg leser høyt for klassen?
- Er det noen som har ideer om **hvordan** vi skal rapportere?



Støttespiller

Typiske kommentarer fra støttespilleren

- Godt poeng! Det hadde jeg ikke tenkt på.
- Ikke avbryt! Alle skal få snakke.
- Eva, nå må vi få høre hva DU mener!



På jakt etter viktige poenger


Hvis elever på ungdomstrinnet skal arbeide med fagartikler, lederartikler eller debattartikler, kan det være en idé å utstyre hver enkelt elev med fem papirlapper å notere på. Elevene noterer først ned hovedpoenger fra artiklene på sine egne lapper. Etterpå går elevene sammen i par og grupper for å diskutere innholdet på lappene.

Mange norsklærere bruker gjerne ferske avis-artikler i undervisningen, for det ferske og det nære kan friste elevene langt mer enn tidløse artikler i norskbøkene. Men hvordan kan en sørge for at elevene virkelig borer seg ned i de artiklene som de har fått utdelt?

Fra enearbeid via pararbeid til gruppearbeid

Den metoden som her presenteres, vil kunne hjelpe elevene med å få en dypere forståelse av tekstene som de arbeider med. Elevene skal dele kunnskaper med hverandre, lytte til hverandre og forsøke å overbevise hverandre om hva som er den beste oppsummeringen av en tekst.

Den utvalgte teksten er ikke nødvendigvis en nyhetsartikkel. Teksten kan også være en debattartikkel, en eksamensbesvarelse i norsk-faget eller et kapittel i læreboka. Poenget er at teksten må være så lang at den kan avstedkomme fruktbare diskusjoner, men samtidig så kort at elevene klarer å pløye seg gjennom.




Framgangsmåte

Følg gjerne denne oppskriften:

1. Gi hver elev fem lapper å notere på, for eksempel «post it»-lapper.
2. Fortell elevene hvilken tekst de skal arbeide med.
3. Be elevene finne fram til hovedpoenger i teksten. Be elevene skrive ned de fem hovedpoengene på de fem lappene (ett hovedpoeng på hver lapp).
4. Når elevene har jobbet en stund, setter du elevene sammen i par. Gi hvert par fire nye lapper og be dem bli enige om hvilke hovedpoenger som skal skrives ned på de nye lappene. Kanskje kan noen av poengene omformuleres?
5. Når parene har forhandlet seg fram til innholdet på de fire lappene, settes to og to par sammen til firergrupper. Hver gruppe får bare to lapper, og på disse to lappene skal elevene skrive ned de to viktigste poengene fra teksten.
6. Be en elev fra hver gruppe om å formidle til hele klassen hva gruppen er blitt enig om.

Andre oppgaver og teksttyper

Opplegget ovenfor kan gjentas i ulike varianter. Istedenfor å oppsummere de viktigste poengene i en artikkel, kan elevene få i oppgave å lete etter budskap i et dikt, symbolbruk i en fortelling – eller frampek i en novelle.



MUNTLIGE FERDIGHETER

Klassemøte om møtekultur

Et godt og trygt klassemiljø er avgjørende for den muntlige delen av norskfaget. På starten av skoleåret kan det derfor være på sin plass med en diskusjon om hva som kjennetegner gode klassesamtaler. Når diskusjonen er avsluttet, kan klassen lage en liste med diskusjonsregler.

Elever som selv får være med på lage diskusjonsregler, har lettere for å forstå og følge de reglene som skal gjelde for klassen. Derfor er det viktig at alle elevene er med på å lage slike regler.

Læreren kan starte med å be elevene skrive ned forslag til regler hver for seg. Etter en liten stund, for eksempel fem minutter, kan læreren skrive ned stikkord fra elevene på tavla. Etterpå kan klassen samarbeide om å lage en regelliste ut fra stikkordene på tavla.

Ikke alltid er det nok med regler. En del elever kan ha nytte av en konkret gjennomgang av hva som er forskjellen på en klassesamtale og en diskusjon i vennegjengen. For å klargjøre forskjellen for elevene, kan det vært lurt å lage én liste med formuleringer som passer i klasserommet – og én liste med formuleringer som kan passere i vennegjengen. Elevene kan deretter sortere replikker i to grupper – i høflige og uhøflige formuleringer:

- *Hæhhhh?*
- *Det er dustete sagt.*
- *På den andre siden ...*
- *Jeg er uenig, for ...*
- *Gi deg, da!*
- *Tøyser du nå, eller?*
- *Jeg tviler på det du sier, for ...*
- *Ikke faen.*

Når elevene skal lage selve regellisten, er det bra om elevene føler at de selv kommer opp med punktene på listen. Samtidig kan det være en god idé å lede elevene på rett vei ...

Her er en liste med punkter som kan passe inn i en regelliste for klassesamtaler:

- ✓ Delta fullt og helt.
- ✓ Vent på din tur – én person snakker av gangen.
- ✓ Lytt oppmerksomt til de andre som har ordet. Vis gjennom ansiktsuttrykk og kroppsspråk at du følger med og verdsetter det som blir sagt.
- ✓ Vis respekt for den som snakker. Unngå nedlatende blikk og spydige kommentarer.
- ✓ Uttrykk deg på en høflig måte – selv om du er helt uenig i de synspunktene som kommer fram.
- ✓ Vær åpen for nye tanker.
- ✓ Hold deg til saken.
- ✓ Still spørsmål når det er noe du ikke forstår.
- ✓ Sørg for at andre slipper til i samtalen, selv om du skulle være den som vet aller mest.
- ✓ La andre forstå at du ikke er helt ferdig med å snakke, for eksempel ved å varsle hvor mange punkter du vil nevne: «Jeg har tre argumenter som jeg vil nevne», «Før jeg kommer til sluttpoenget mitt, vil jeg si at ...», «Jeg har to spørsmål til innlegget ditt. For det første ...».



Karakterbeskrivelser:

Hva ser lærerne etter på muntlig eksamen i norsk?

På dette arket finner du fire tabeller som viser hva som skal til for å oppnå de ulike karakterene ved en muntlig eksamen i norskfaget. Til sammen fire områder blir her vurdert: innhold, språkbruk, tekstoppbygging og presentasjon. Læreren gjør en helhetsvurdering av de fire områdene før hun/han setter en endelig karakter.

Vurderingsområde 1: Innhold

Karakter	Kjennetegn:
2	- Du besvarer deler av oppgaven tilfredsstillende. Et klart flertall av faktaopplysningene som du nevner, er korrekte eller nesten korrekte. - Du kan formulere påstander og forklare enkle sammenhenger om det temaet/fagområdet som du har fordypet deg i. - Du bruker i hovedsak én kilde, som du støtter deg til i svært stor grad.
3 og 4	- Du besvarer oppgaven og viser bredde- og dybdekunnskaper innenfor det temaet/fagområdet som du har fordypet deg i. - Du kan begrunne påstander ved å bygge opp enkle tankerekker, eller ved å vise til eksempler og faktaopplysninger. Du kan forklare viktige sammenhenger og vurdere spørsmål knyttet til form og innhold. - Du oppgir kilder og viser en viss selvstendighet i forhold til disse kildene. Du viser tydelig hvilke opplysninger som stammer fra hvilke kilder.
